



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Jan Erik Pedersen

Natlandsveien 77
5094 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
2010/576 - 0 -
11218/2010

Arkivkode:
195/32

Sakshandsamar:

Benjamin Hicks

Telefon

Dato:

14.04.2010

Delegert sak

Mellombels løyve - bruksendring av fritidsbustad til bustadformål - mellombels dispensasjon - pbl § 88 - gbnr 195/32 Leiknes.

Vi viser til Dykkar søknad om bruksendring og mellombels dispensasjon etter pbl § 88, motteke den 25.03.2010.

Saksutgreiing/Vurdering.

Det er søkt om dispensasjon frå reglar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova for mellombels bruksendring av fritidsbustad til bustadformål, jfr pbl § 87 nr. 2 litra e. Ved bruksendring til bustadformål vert bygget i samsvar med arealformålet i arealdelen kommuneplanen.

Søkjjar har i møte med fagleiar for byggjesak og underteikna, gjort greie for at dispensasjonssøknaden etter pbl § 88 gjeld for ein periode på 2 år. Ikkje eitt år slik det er skildra i innsendte skriv. Det vil i utløpet av 2 års perioden verte sendt inn ein formell søknad om bruksendring av ansvarleg søkjjar.

Nabovarsel.

Det er søkt om fritak for varsling av naboar i samsvar med pbl § 93 nr. 3 då det ikkje vert utført noko arbeid. Kommunen fritar for nabovarsling.

Søknadsplikt.

Vi gjer merksam på at det må innhentast løyve *før* ein bygning kan tas i bruk til anna formål enn det bygningen - til einkvar tid - er godkjent for. Denne plikten ligg hos tiltakshavar. Dersom ein bygning tas til anna bruk enn det som er godkjent, ligg det føre eit ulovleg forhold.

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Vi gjer merksam på at det her *ikkje* er gjeve gebyr for bruksendring. Gebyr for bruksendring vert sendt når formell søknad om bruksendring er sendt inn av ansvarleg søkjjar.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Dispensasjon § 88	5.200,-
SUM	5.200,-



Konklusjon.

Kommunen har vurdert og konkludert med at det kan gis mellombels fritak dispensasjon slik at fritidsbustaden kan nyttast til bustadformål i 2 år. Dersom fritidsbustaden skal nyttast til bustadformål på permanent basis, må bygningen stetta dei tekniske krava som vert stilt til bustader på søknadstidspunktet. Vi gjer merksam på at arealformålet på eigedomen *kan* verte endra til anna formål gjennom revidering av arealdelen til kommuneplanen i framtida.

Dette løyve fell den **14.04.2012**. Bygningen vil då ikkje kunne nyttast som bustad med mindre nytt løyve vert gjeve.

Vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 88 vert det gjeve dispensasjon slik at tiltaket kan nyttast som bustad i ein periode på 2 år og til og med 14.04.2012. Det kan ikkje påreknast at det seinare vert gjeve fleire dispensasjonar utover det som her vert gjeve.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Benjamin Hicks
Rådgjevar